

## Referat - Voss Reiselivsråd

Dato: 25.10.2024

Stad: Elva Hotel

Tid: 09.45 -11:45

Til stade:

Frode Solbakk (Voss Active) (leiar i reiselivsrådet)  
Hanne Heggen Hedenstad, (Voss Resort)  
Tor Andre Villmones (Scandic Voss)  
Berit Lunde (Park Hotel Vossevangen)  
Øystein Ormåsen (Wild Voss)  
Iselinn Tho Tønjum (Fleischer's Hotel AS)  
Helene Bjørnø (Norway's Best) (på teams)  
Gry Bystøl (leiar Visit Voss)

Fråfall: Tine Schjønhaug Kjosås (Hardanger og Voss museum),

Referat vert sendt ut til alle medlemmer i Visit Voss.

1. *Evaluering vinter/sommar 2024, fint om alle kan sei litt om si bedrift. Vi må også evaluere opp mot Reiselivsstrategi for Voss.* <https://www.visitvoss.no/media/766>

- Elva Hotel har hatt ein god sommarsesong, tre månader med nesten fullt belegg. Voss Active sin trafikk har lege stabilt sett opp mot tidlegare år. Vinter og haustsesongen er utfordrande.
- Park Hotel: Vintersesongen 23/24 var godt, har køyrt ein kampanje på ski-deal i samarbeid med Voss Resort, det vart suksess. Skal køyre liknande kampanje gjennom heile komande vintersesong. Sommarsesongen 2024 har vore knallgod, september har også vore kjempegod. Oktober, november og desember er vanskelegare. Har totalt ein fin auke i omsetjinga i 2024.
- Voss Resort: Jola 2023 var veldig god, rekord med nesten 5000 gjestar 30. desember. Vinteren har vore god, men ein er værutsatt. Voss Gondol og sommarsesongen har ein hatt mindre gjester enn ein skulle ynskt. Frå 9. mai 2025 til haustferien vil ein halde ope gondolen kvar dag. Frå haustferien til skisesongen startar vil gondolen vere open kun for førehandsbookingar.

Jonas Bauer er inne som midlertidig driftsdirektør frå september til mars.

Park Hotel og Voss Resort har tilsett ein felles selgar.

- Scandic har hatt eit fantastisk år frå 1. januar 2024, har hotellet hatt ei god auke i både belegg og snittpris. Oktober og november er framleis roleg. Veldig gode bookingar for vintersesongen 2025. Mykje bookingar frå UK marknaden som vert 5-7 dagar.
- Wild Voss har også hatt ei auke i omsetjing så langt i 2024. Vinterprodukt er topturar og skredkurs, sommarsesong er fotturar for mindre grupper.
- Fleischer's Hotel har også totalt auka omsetjing i 2024. Vintersesongen 23/24 har vore god, april var lite gjester, sommarsesongen kom i gang 3 veker tidlegare enn året før, frå byrjinga av mai og ut sommaren har ein hatt godt med gjester. I september har ein også auke i belegg. Har stort potensiale for meir gjester i oktober til april.
- Myrkdalen / Norway's Best; vinteren 23/24 var god, med godt belegg gjennom vinteren. God stigning for skulegrupper, også gode bookingar for 2025 for skulegrupper. Sommarsesongen har også vore god, med mykje grupper. Hausten er vanskelegare å fylle. Prøver å lage attraktive haustarrangement for å dra gjester. Vinteren 2025 stor auke i bookingar på hotellet. Sommaren 2025 har ein også veldig gode bookingar på.

- Voss folkemuseum: Me hadde godt besøk i vintermånadene. Me starta med laurdagsope frå 1. september i 2023 og har sett at museet har vore betre besøkt i helgane enn tidlegare. I sommar har me har hatt rekordbesøk og ein auke på 20% besøkande. Det er mange førehandstinga grupper, men også ein del FIT.
- Visit Voss trafikketal for Voss overordna, totalt ein auke per utgangen av august på 4% sett mot 2023 tal. 2023 var toppår for overnattingstal for Voss. Gledeleg at gjennomsnittleg opphaldstid for utanlandske gjestar har auka med 28% og er no på 1,5 netter i snitt så langt i 2024. Visit Norway/SSB sin statistikkbase gjev god innsikt og er lett å bruke. Velg «overnattingsstatistikk og andre..per reiselivsregion» og legg inn Voss som reiselivsregion.  
<https://business.visitnorway.com/no/markedsinnsikt/overnattingsstatistikk/>  
 Samla sett viser gjennomgangen at Voss i heilskap framleis har stort potensiale for meir gjester i oktober til april. Vintersesongen er det særleg midtveke ein treng å fylle opp meir. Hausten er det både helg og midtveke.  
 Sjå også det nye årshjulet for marknadskampanjar i Visit Voss (her kjem det meir info inn og me vil bruke dette aktivt framover) <https://trello.com/b/AO1MsC65/arshjul-2024>

## 2. Orientering og synspunkt rundt «Organisering Visit Voss opp mot Næringshagen»

Reiselivsrådet var 30.09 invitert til eit dialogmøte i Ulvik, med styreleiar og dagleg leiar i Hardanger og Voss Næringshage (HVN).

Ein opplevde dialogen som open og god, og at det var ein god start på ein prosess som no Reiselivsrådet er i gang med, leia av ein ekstern prosessrettleiar (Ståle Brandshaug). Denne prosessen skal evaluere fusjonen mellom dei fire selskapa, og stake ut den beste vegen vidare for drift av Visit Voss.

Reiselivsrådet ynskjer å få kartlagt om det er ressursar i HVN som Visit Voss kan nytte seg betre av.

Reiselivsrådet skal ha eit nytt møte med prosessrettleier tysdag i neste veke.

I samband med denne prosessen har alle medlemmer i Visit Voss fått tilsendt ein spørjeundersøking om kva dei tykkjer om drifta av Visit Voss i dag.

## 3. Orientering og synspunkt rundt «Destinasjonsleiing for Voss», sjå avisartikkel i Hordaland. [Voss, Turisme | Går saman for å jobba med reiselivet: – Me er nøydde til å tenkja meir heilskapleg \(avisa-hordaland.no\)](#) Val av representant frå reiselivet.

Destinasjonsleiinga er eit stort forum som skal møte to gonger i året, i tillegg skal det vere ei arbeidsgruppe som skal møtast hyppigare, ca 4 gonger årleg.

Strategi for besøksforvaltning som arbeidsgruppa skal jobbe med, bør og skal bygge på vedteken reiselivsstrategi.

Reiselivsrådet/Visit Voss stiller med to representantar til arbeidsgruppa i destinasjonsleiinga, Helene Bjørnø og Øystein Ormåsen.

## 4. Orientering rundt Fallskjermklubben og Bømoen. Har Reiselivsrådet noko påvirkningskraft? Kjenner vi konsekvensen ut i frå det som ligg på bordet?

Voss Fallskjermklubb har vorte stemna av Bømoen AS, dei ynskjer å kaste ut Fallskjermklubben frå Bømoen. Dette vil truleg verte ein lengre rettsleg prosess.

Ny handsaming av reguleringsplan for Bømoen vert i heradsstyret 14. november.

Reiselivsrådet fylgjer saka, og bidreg dersom det er mogleg.

5. Tiltak for å auke trafikken i vinterhalvåret. Voss lykkast i stor grad med sommarsesongen, men reiselivet totalt sett tapar for mykje om vinteren til å vere så økonomisk berekraftig som vi burde.

Norway Home of Skiing, er ein sal- og marknadsorganisasjon, kor Voss Resort og Myrkdalen er eigar og medlem saman med Gausta, Norefjell, Narvik, Beitostølen og Geilo. Organisasjonen har to tilsette som jobbar med å selje og marknadsføre dei sju resortane, i tillegg til våre egne salspersonar. Dette har gitt svært god effekt for austlandssentra for sesongen 23/24, og det er no gjort nokre grep for Vestlandet. Så vi har stor tru på at sesongen 24/25 kan bære gode frukter for Voss.

Denne vinteren har operatøren Ski Safari kjøpt 50 flysete kvar sundag heile vinteren til Flesland. Fly vert pakka med ski i Voss Resort og Myrkdalen og ulike overnattingsstader på Voss. Norway Home of Skiing samarbeidet har også klart å lande samarbeidsavtalar med dei UK-baserte skioperatørane TUI og Crystal for Voss.

Ut over dette ber reiselivsrådet administrasjonen i Visit Voss, på neste møte i reiselivsrådet presentere forslag til felles satsing/prosjekt for å auke trafikken til Voss vinterhalvåret. Moment å ta inn her:

- UK marknaden er høgaktuell
- Skal ein drive direkte marknadsføring mot publikum, eller jobbe felles mot operatørar? Eller ein kombinasjon?
- Kva med Nederland og Amsterdam ruta? Andelen nederlandske gjestar på Voss har sunke dei siste par åra, men her melder overnattingsstadene om låg betalingsvilje på overnatting, men aktivitetsbedriftene melder om høgare betalingsvilje på aktivitet, så bildet er ikkje einseitig.
- Satsinga/prosjektet bør ha ei langsiktig og ei kortsiktig side.